



Jon Runar Harrison  
Øyna 17  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1316 - 16/10726

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
21.04.2016

## Tilbakemelding - førespurnad om førehandskonferanse gbnr. 212/23 Eiganger øvre

Vi viser til dykkar førespurnad om førehandskonferanse datert 14.04.16.

På bakgrunn av den dokumentasjonen vi har motteke kan vi berre gje ei generell rettleiing. De vil kunne få same rettleiing ved å kontakte byggesaksvakta (tysdag og torsdag mellom kl 09.00 og 15.00) evt. kan de rette spørsmålet til vår e-postkonto: [byggesak@lindas.kommune.no](mailto:byggesak@lindas.kommune.no)

For at de skal få best mogleg utbytte av ei førehandskonferanse treng kommunen å få tilsendt teikningsmateriell på bygga de ønskjer å føre opp på eigedomen, samt eit situasjonskart som syner plassering av bygga og køyretilkomst til eigedomen.

Oppføring av bustad på eigedomen vil krevje bruk av ansvarleg føretak som skal rettleie dykk i sjølve søknadsprosessen. Det vil vere til dykkar fordel om de kontaktar føretak/entreprenør som de ønskjer å nytte. Det vil og vere til dykkar fordel om ansvarleg føretak deltek ved ei eventuell førehandskonferanse.

Vi legg ved eit skjema som kan nyttast, med omsyn til kva dokumentasjon som vil vere relevant å sende inn.

Dersom de framleis ønskjer førhandskonferanse ber vi om at de sender inn teikningsmateriell på bustad og evt. garasje, samt situasjonsplan som syner plassering av bygg på eigedomen og køyretilkomst til eigedomen.

**Dersom vi ikkje høyrer frå dykk innan 28.04.16 vert saka avslutta.**

De er velkommen til å be om ny førehandskonferanse ved seinare høve.

### Planstatus



Eigedomen ligg i område avsett til bustadføremål i arealdelen til kommuneplanen for 2011-2023. Oppføring av bustad på eigedomen vil krevje søknad om dispensasjon frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen, evt. at det vert laga reguleringsplan.

Gebyr

Det vert fakturert gebyr etter gjennomført førehandskonferanse. Gebyret er fastsett i gebyrregulativ for 2016 til kr. 3.000,-

Med helsing

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Førespurnad om førehandskonferanse

**Mottakarar:**

Jon Runar Harrison

Øyna 17

5913

EIKANGERVÅG